



Festidalen ved Sveinung M. Pile søker om ambulerande skjenkerett på Dønhaug i jula. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen ved Sveinung M. Pile har søkt om ambulerande skjenkerett for romjulsarrangementet i låven på Dønhaug Gjestegard 2. juledag 26. desember.

I samband med det har Magne Huglen sendt brev til kommunen og opplyst at all inntekt av bilettar og sal uavkorta vil gå til Festidalen.

Under arrangementet seier difor Dønhaug Gjestegard frå seg skjenkeløyvet sitt og Festidalen søker i staden om ambulerande løyve.

Huglen er klar over brev frå kommunen angående ambulerande løyve til skjenkestader som har eige løyve. Han kjenner og til alkohollova der den omtalar fleire løyver til same lokale. Men slik han tolkar lova er det fyrst og fremst utifrå kontrollhesyn og ikkje i strid med føremålet til lova.

Kommunen og skjenkekontrollørane skal til ei kvar tid vita kven som står ansvarleg for skjenkinga. Dette kravet vil bli oppfylt i og med at gjestegarden ikkje vil nytta det tildelte løyvet på det aktuelle tidspunkt medan Festidalen søker om ambulerande løyve, skriv Huglen til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen